



Tippehuset vart fyrst satt opp nedanfor der skulen ligg idag (bileteigar: TerjeMyklebust).

Vi kan lesa i eigendomsmegler vest si boligavis at Tippehuset vil verta lagt ut for sal. Tippehuset vart bygd i Beinavikjo for å gje dei tilreisande jentene som hadde sitt virke ved hermetikkfabrikken i Beinavikjo husvere. Men historien byrja ikkje der.

Tippehuset vart opprinneleg henta frå Øygarden, og satt opp nedanfor skulen i Uskedalen på 30-talet. Her holdt Edvard og Tora Myklebust til med snikkarverkstad i underetagen, og familien budde i leilighet i andre høgda meiste parten av tida fram til det vart flytta.

Rundt 1950 vart huset tatt ned for så å verta bygd opp att i Beinavikjo, slik vi ser det idag. Då rivinga meist var ferdig, blåste det opp til ein skikkeleg storm, som gjorde sitt til at resten av huset vart jamna med jorda. Det var trong for husvere i tilknytning til hermetikkfabrikken, då det ikkje berre var arbeidarar frå nærmiljøet som hadde sitt daglege virke ved bedrifta. Det kom arbeidarar frå mellom anna Huglo, Tysnes og Karmøy.

Men ein hadde visst tid til litt andre ting også, om ein skal tru historia.

For dette førte til at det kom fleire gode koneemner til bygda. Same kor godt disponent Gunnar Flatebø inspiserte huset og passa på jentene, fekk friarane advarsel med at dei hørte det risla i nøklane lenge før han dukka opp.....

-Magnhild Haugland



Arbeidarar ved Hermetikkfabrikken. Bedrifta i Beinavikjo starta i 1895 og Ivar Arnesen selde den og notbruket i 1911 til Concord Canning Co. Dei selde sidan til Bergen Preserving. Fabrikken brann i 1962.